

Årsmelding  
for  
Suldal Idrettslags årsmøte  
2018



*Årsmeldinga skal gi eit bilet av aktiviteten i idrettslaget, styret sitt arbeid og undergruppene sin aktivitet. Saman med rekneskapen skal årsmeldinga gi ein god oversikt over aktivitet og økonomisk status i klubben.*

# Sakliste og saksdokument for årsmøte i Suldal Idrettslag

## Sakliste:

- Sak 1: Godkjenning av dei stemmeberettiga
- Sak 2: Godkjenning av innkalling
- Sak 3: Godkjenning av sakliste
- Sak 4: Godkjenning forretningsorden/møteregrlar
- Sak 5: Val av dirigent
- Sak 6: Val av referent
- Sak 7: Val av to medlemmer til å underskriva protokollen
- Sak 8: Godkjenning av idrettslaget si årsmelding og undergruppene sine årsmeldingar
- Sak 9: Godkjenning av idrettslaget sin rekneskap i revidert stand
- Sak 10: Fastsetjing av medlemskontingent
- Sak 11: Godkjenning av idrettslaget sitt budsjett
- Sak 12: Godkjenning av reiseregulativet
- Sak 13: Godkjenning av idrettslagets organisasjonsplan
- Sak 14: Val

Inkludert er desse dokumenta:

- Hovudstyret og undergruppene sine årsmeldingar
- Rekneskap med revisors beretning
- Styret sitt forslag til budsjett
- Styret sitt forslag til organisasjonsplan
- Valkomiteen si innstilling og styret si innstilling til ny valkomité

Suldalsosen 14. mars 2019

For styret i Suldal idrettslag

Aslak Moe, leiar

**SAK 1: GODKJENNING AV DEI STEMMEBERETTIGA**

For å ha stemmerett må ein vere fylt 15 år, vore medlem av idrettslaget i minst ein månad og ha oppfylt medlemskrava. Det same gjeld der ein person skal oppnemnast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd. Ingen kan møte eller stemme med fullmakt. Lovlig innkalla årsmøte er vedtaksført dersom det møter eit antal medlemmer som minst tilsvarer antal styremedlemmer.

**Forslag til vedtak:** \_\_\_\_\_ Stemmeberettiga medlemmer er møtt og årsmøtet er vedtaksberettiga.

**SAK 2: GODKJENNA AV INNKALLING**

Styret kallar inn til årsmøte minst ein månad på førehand direkte til medlemene, eventuelt på annan forsvarleg måte, og/eller ved kunngjering i pressa, eventuelt på idrettslaget si internettleide.

**Forslag til vedtak:** Innkalling til årsmøtet er \_\_\_\_\_.

**SAK 3: GODKJENNING AV SAKLISTE**

Innkallinga viser til at saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på idrettslaget si nettside eller på annan forsvarleg måte. I så fall skal det gå fram at dokumenta vil bli gjort tilgjengelege seinast ei veke før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag til årsmøtet må vere gjort tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet.

**Forslag til vedtak:** Saklista til årsmøtet er \_\_\_\_\_.

**SAK 4: GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN - MØTEREGLAR****FORSLAG TIL FORRETNINGSORDEN:**

1. Årsmøtet vert leia av valt dirigent.
2. Vald referent fører protokollen. Protokollen skal underskrivast av valde medlemmer seinast 2 veker etter årsmøtet.
3. Ingen medlemmer må gis rett til ordet meir enn 3 gonger i same sak. Med unntak av hovudinnlegg frå dei forslagsstillerar som har forslag på sakslista, blir taletida sett til: - 5 min. første gong. - 2 min. andre og tredje gong. Medlemmer som krev ordet til forretningsorden har 1 min. taletid. Ønskjer medlemmer å delta i debatten, blir dette vist ved handsopprekking slik at dirigent kan oppdatera talelista.
4. Dirigenten kan forkorta taletida, samt setja strek for påteikna talerar etter behov.
5. Alle vedtak og val avgjera med alminneleg fleirtal, bortsett frå dei unntak NIFs lov og idrettslagets lovnorm fastset. Alle val der det føreligg fleire enn eitt forslag føregår skriftleg eller om det blir stilt krav om det. Blanke stemmesedlar tel ikkje, og stemmene reknast ikkje som avgitt. Øvrige avstemmingar skjer med handsopprekking.
6. Forslag og vedtak blir ført i protokollen med tal avgitte stemmer - for og imot, samt kven som har hatt ordet i saken.
7. Eventuelle forslag som kjem under forhandlingar, må leverast dirigenten skriftleg og vera signert med medlemmen sitt namn. Forslag kan berre fremjast i saker som står på saklista. Tidlegare forslag kan ikkje trekkjast tilbake, og nye forslag kan ikke fremjast, etter at strek er sett eller at saka er tatt opp til votering.

8. Begrepet «TIL FORRETNINGSORDEN» er for å tilkjennegi at ein er ueinig i dirigentens måte å leia møtet eller votinga på.

**Forslag til vedtak:** Forslag til forretningorden er \_\_\_\_\_.

**SAK 5: VAL AV DIRIGENT**

**Forslag til vedtak:** \_\_\_\_\_ vert valt til dirigent.

**SAK 6: VAL AV REFERENT**

**Forslag til vedtak:** \_\_\_\_\_ vert valt til referent.

**SAK 7: VAL AV TO MEDLEMMER TIL Å UNDERSKRIVA PROTOKOLLEN**

**Forslag til vedtak:** \_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_ vert valt til å underskriva protokoll.

**SAK 8: BEHANDLA IDRETTSLAGET OG UNDERGRUPPENE SINE  
ÅRSMELDINGAR**

**ÅRSMELDING FOR HOVUDSTYRET SULDAL IDRETTSLAG 2018**

---

**Styret si noverande samansettning er:**

Leiar:	Aslak Moe
Nestleiar:	Øyvind Gjuvsland
Kasserar:	Silje Færøy
Skrivar:	Kristine Bøe Berge
Styremedlem:	Vidar Jørgensen Nærheim
Varamedlem:	Kathrine Kroken Lono
Leiar trimgruppa:	Alf Aadnøy
Leiar skigruppa:	Per Even Tjøstheim
Leiar økonomigruppa:	Else Kristin Hilde Krogh
Leiar fotballgruppa:	Jon Bråteit
Leiar valnemnd:	Leif Bakka

Suldal idrettslag hadde 1. mars 2019 447 medlemmer, mot 478 året før. Ein del av medlemmene er utøvarar frå andre grender som er med på kretslaga i fotball. I tillegg deltek fleire frå andre grender på skigruppa sine aktivitetar. Rekneskapen for 2018 syner eit solid resultat på 130.332,- kroner. Gledeleg er det også at det er den ordinære drifta som genererer overskotet dette året, ikkje

enkeltståande utbyggingsprosjekt. Det er ikkje eit mål i seg sjølv for idrettslaget å ha eit stort overskot, men ein solid og trygg økonomi gjer det mogleg med høgt aktivitetsnivå, låg medlemskontigent, og satsing på områder ein ynskjer å styrka (t.d. kurs og trenarutdanning).

Det har vore tre styremøte i perioden, der både hovudstyret og gruppeleiarane møter. Den viktigaste saka det siste året har kanskje vore ønske om eit klubbhus i tilknyting til Prestavikjo. Her ser ein føre seg eit bygg som både kan fungere som samlingslokale, kjøkken og toalett, gjerne i tilknyting til eksisterande bygg. Eit prosjektmandat er vedtatt av hovudstyret, og det står nok ikkje på viljen til dognadsinnsats, men ein har så langt ikkje lukkast med å finne nokon som ynskjer å ta på seg rolla som prosjektleiar. Dette vil styret jobba vidare med i 2019, saman med blant anna å etablere fleire rutinar/årshjul som kan gjere det lettare å ta på seg verv i idrettslaget, og å etablere ein politikk for støtte til dei som ønsker å ta kurs og trenarutdanning. Samtidig vert det jobba godt med etablering av eit kunstsnøprosjekt i lysløypa, og det er eit håp om at ein kan få viktige avklaringar her før sommaren.

Det siste året har vore prega av høg aktivitet, både på deltararsida og som arrangør. Det er ingenting å seie verken på deltagning eller innsats, og dognadsviljen er stor. Me er ein viktig organisasjon i lokalmiljøet, og folk stiller opp med ei positiv innstilling. Dette er inspirerande også for oss i hovudstyret. Som ei lita takk for innsatsen arrangert me også dette året ei samling for tillitsvalde, leiarar og trenerar i idrettslaget. Med mange positive tilbakemeldingar er dette eit tiltak ein tek sikte på å vidareføre. Idrettslaget er framleis representert i Suldal idrettsråd. For utfyllende informasjon om økonomi og aktiviteten i idrettslaget, viser me til rekneskap, budsjett og undergruppene sine årsmeldingar.

Den store aktiviteten hadde heller ikkje vore mogleg utan gode sponsorar og samarbeidspartnarar. Styret ønsker å takke for bidraga, og ei særskild takk til hovedsponsorane Statkraft og SpareBank 1 SR-Bank/Eiendomsmegler 1. I tillegg har ein fått kjærkomme bidrag til enkeltprosjekt gjennom året, der både Sparebanken Vest og Suldal Elverk har bidratt med betydelege beløp til fornying av lysanlegget i lysløypa. Gjennom året har styret også arbeidd vidare med fornying av eksisterande og etablering av nye avtalar:

- Avtale med Suldal kommune for vask og ettersyn av Gullinghuset/toalettbygget er forlenga med 2 år fram til juni 2021.
- Ny hovedsponsoravtale med Haugaland Kraft for perioden 2019-2021.
- Forlengning/ny hovedsponsoravtale for banktenester frå juni 2019 - forventa avklart snarleg.

Avslutningsvis må det retta eit stor takk til leiarar, trenerar, foreldre og føresette tilknytte Suldal idrettslag. Den innsatsen de gjer for idrettslaget er umåteleg viktig både barn, unge og vaksne, og også for heile lokalmiljøet!

Suldalsosen 11.03.2019

Aslak Moe, leiar

## **ÅRSMELDING 2018 - FOTBALLGRUPPA SULDAL IL**

### **Styret i fotballgruppa 2018:**

Ane Hoås Foldøy  
Siri Fisketjøn Indrebø  
Neri Fisketjøn  
Svein Øystein Berge  
Jon Bråtvæit, leiar

### **Aldersbestemte klassar:**

Stor skrøyt til alle som har stilt som trenarar, lagleiarar og oppmenn på laga våre i Suldalserien og i kretsserieane. Utan denne innsatsen, ville me ikkje hatt aktivitet. Ein må ikkje nødvendigvis ha så stor kunnskap om fotball, men ein må ha engasjement for at ungdom skal trivast, motiverast og få utvikling. Me vil ha endå fleire vaksne med!

Totalt har me hatt 188 spelarar, 22 trenarar, 4 oppmenn og 11 dommarar i sving i fotballen i 2018.  
Totalt 39 frivillige har bidratt i fotballgruppa.

### **6-åringar:**

Nytt av året er det at 1. klassingane starta opp eiga trening frå hausten. Målet var å få dei betre rusta til å delta i miniknott-fotballen når den tek til over nyttår. Desse treningane blei leia av Tom Gardsteig. Alle spelarane som skulle vera med måtte stilla med ein vaksen, slik at trenaren kunne konsentrera seg om fotball. Dette har vore ei positiv oppleveling. Alle 1. klassingane deltok, i alt 15 stk.

### **Klasse miniknott:**

Trenarar/lagleiarar: Dagfinn N. Havrevoll og Øyvind Gjuvsland, med ekstra hjelp frå foreldre.

Det har vore med 17 spelarar frå 1. og 2. klasse i løpet av sesongen.  
Trening frå etter nyttår.

Me stilte med 2 lag i Suldalserien, Suldalscupen på Sand og Statkraftcup i Suldalshallen.  
I Sentrumscupen i Sauda i april hadde me med G7 og G8.

### **Klasse knott:**

Trenarar/lagleiarar: Mikkel Kral, Helene Hammer Våge, Neri Fisketjøn

Det har vore med 29 spelarar frå 3.-4. klasse i løpet av sesongen.  
Her er det også mange spelarar, men dei er noko eldre og dermed går treningane lettare utan at ein treng så mange foreldre inn til å støtta underveis.  
Trening frå etter nyttår.

Me stilte med 3 lag i Suldalserien, Suldalscupen på Sand og Statkraftcup i Suldalshallen. I Sentrumscupen i Sauda i april hadde me J9, G9 og G10-lag. Me hadde også med G9 på Ryfylke Trelastcup på Tau og G9 og J9 på Hjelmeland Sparebank-cup i august.

### **Klasse lilleputt:**

Trenarar/lagleiarar: Jostein Aarhus, Ragnhild Sukka, Raymond Krogh, Terje Gundersen, Ronny M. Rugland, Siri Fisketjøn Indrebø

Det har vore med 20 spelarar frå 5.-7. klasse i løpet av sesongen.  
Trening frå etter nyttår.

Me stilte med 3 lag i Suldalserien, Suldalscupen på Sand og Statkraftcup i Suldalshallen.  
I Sentrumscupen i Sauda i april hadde me med G11 og G12.

**Klasse ungdomstrinn:**

Trenar/lagleiar: Torbjørn Indrebø.

Det har vore med 11 spelalarar frå 8.-10. klasse i løpet av sesongen.

Noko varierande med oppmøte til kamp/trening. Ungdomstrinnet har ein utfordring i at fleire av spelarane også spelar og trenar på både kretslag og i enkelte tilfelle seniorlag.

Me stilte med eitt lag i Suldalsserien, Suldalscupen på Sand og Statkraft-cup i Suldalshallen.

**A-laget herrer:**

Trenarar: Arne Vatland og Geir S. «Simmen» Bratland

Oppman: Tor Olav Berge

Kampvert: Christer Hansen

A-laget har hatt omlag 43 spelalarar innom på trening. 31 spelalarar spelte kamp i 6. divisjon i 2018. Det vart ein tøff sesong, med nokre stortap, nokre knepne tap, tre spelte kampar som me vann, og tre sigrar på walk over. Med dei tre walk over-kampane, kom me akseptabelt midt på tabellen, 5. plass av ni lag. Dei laga som ikkje møtte, er det stor sjanse for at me hadde slått likevel.... Avslutninga på sesongen gav nokre gode opplevingar som ein tok med seg inn i vinterpausen.

Laget var også med på OBOS-cup, der me tapte 5-0 for Havdur i første runde.

7'ar-laget med spelalarar busett i Stavanger blei lagt ned, men dei har framleis organiserte treningar ein gong i veka.

**A-laget damer:**

Trenar: Petter Hoås

Oppmann: Ane Hoås Foldøy

For første gong har Suldal IL hatt med eit damelag i seriesystemet. Totalt 21 spelalarar har vore med på treningar, ikkje fullt så mange på kamp.

Me stilte med 7'ar-lag i 4. divisjon. Det var med stor spenning ein såg fram til sesongen. Dessverre viste det seg at laga Suldal var sett i pulje med, trakk seg eitt etter eitt. Til slutt var det berre to lag igjen: Suldal IL og Brodd IL. Desse laga spelte tre kampar mot kvarandre, der me vann alle. Damene fekk dermed spela KM-finale mot vinnaren i den andre pulja: Sandved. Over to kampar viste Sandved seg som det beste laget. KM-sølv i debutsesongen er uansett ein flott prestasjon. Neste sesonge skal ein stilla 11'ar-lag.

Utfordring for seniorlaga våre er at det ikkje er alle lag frå Stavanger/Sandnes-området som ønskjer å reisa til Suldal for å spela kamp. I år har det verkeleg vist seg både for herrer og damer. Me håpar dette endrar seg.

**Suldalsgutane- og jentene:****G13:**

Trenarar: Tor Arne Sigstad, Kristian Steine, Øyvind Marvik

Oppmenn: Knut Helland

16 spelalarar i alderen 12-13 år frå heile kommunen har vore med på G13. I år var det eitt lag, og dette viste stor framgang frå i fjor og kom på 2. plass i 2. divisjon. G13 var med på Etne-cup før sommaren. Trenar to gonger i veka.

Dugnad som vakter i Suldalshallen.

**G15:**

Trenarar: Arne Abrahamsen og Torbjørn Indrebø

Oppmann: Torbjørn Indrebø

22 spelarar har vore innom laget. Desse kjem frå heile kommunen. Som G13, viste også dette laget stor framgang frå året før, og kom på 2. plass i 2. divisjon. Laget satsa hardt på god kondisjon, noko som gjorde gode resultat i vårsesongen. Sommarpausen gjorde ikkje så godt, så laget brukte litt tid på å komma i gong igjen på hausten. Godt toppnivå, enkelte kampar der ein ikkje var heilt på.  
Deltok på Regy-cup i Haugesund.

Har stilt med vakter i Suldalshallen.

**J16:**

Trenarar: Ørjan Underbakke og Christer Hansen.

Oppmann: Sigmund Vaarvik.

Etter at dei tidlegare jentetrenarane gav seg, såg det lenge ut til at me ikkje fekk nye trenarar på plass. Det var også litt usikkert om me hadde nok jenter. Men i siste liten melde det seg to trenarar, og utover sesongen kom det stadig fleire jenter til. Til slutt var heile 16 jenter med. Vårsesongen hadde litt varierande resultat, men i haustsesongen gjekk jentene gjennom kampane med berre sigrar. Det vart 2. plass i 2. divisjon i haustsesongen, fordi me tapte ein kamp på walk over. (Me kunne ikkje møta på grunn av uvær.) Resultata og oppmøtet viser at trenarane har gjort ein framifrå jobb både på og utanfor banen!

Deltok på Regy-cup i Haugesund og gjekk vidare frå puljespelet.

**Dommar:**

G15-laget og herrene sitt a-lag fekk oppsett dommar frå kretsen.

Suldal IL måtte sjølv ordna dommar til aldersbestemt i Suldalserien, G13, J16 og seniorlaget damer.

I år som i fjar hadde me besøk av Arve Fløysvik frå Rogaland Fotballkrets som hadde dommarkurs. 11 dommarar har vore i sving denne sesongen. Nokre av desse dømde svært mange kampar, andre litt færre, men me nådde målet med å få dommarar til alle kampane. Flott innsats av dei som stilte. Svein Øystein Berge, Torbjørn Indrebø, Torjus Steine, Lars Ivar Øie, Bjørnar Indrebø, Kristina Kvæstad, Jone Odden, Thomas Brustveit, Svein Egil Holmestad, Lina Baustad Hoås, Odd Åsgeir Lunde.

**Fotballbanen og ballbu:**

Eskil Fisketjøn har gjort ein strålende jobb med å slådda og brøyta banen fram til han flytta i sommar.

Etter dette har me ikkje fått tak i fast person, sidan ein skal ha traktorsertifikat for å køyra ATVen.

Arbeidet har gått på dugna.

Noko dugnad er gjort for å halda kontroll på graset rundt banen, men me ser behov for større dugnadsinnsats for å shina opp området.

Økonomigruppa sin kiosk skaper ei flott ramme rundt kampar.

Odd Åsgeir Lunde og Geir Bjarte Hoftun er baneansvarleg, og har i tillegg gjort ein god jobb med å utvida ballbua. Mykje aktivitet gjer at me må ha meir utstyr som skal lagrast.

**Fotografering:**

Enkelte sponsorar, spesielt til Suldalsgutane- og jentene, har etterspurt lagbilde og kampbilde med logoen deira på. Petra Odvody har gjort ein flott jobb med å ta bilde både til dette formålet og til dokumentasjon på heimesida. Ho har vore innom alle laga til Suldal IL og Suldalsgutane- jentene, og har dermed sett alle lage i aksjon. Leiar i fotballgruppa har sendt informasjonsbrev og takkebrev med bilde til sponsorane til Suldalsgutane- og jentene.

**FIKS:**

Dagfinn Nesbø Havrevoll er ansvarleg for at spelarane på kretsnivå er registrerte, samt ansvarleg for påmelding av lag på kretsnivå. Her gjer han ein stødig jobb.

**Loddsal:**

Fotballgruppa valde å melda seg på sal av lodd for Fotball-lotteriet for å skaffa inntekter denne sesongen. Alle spelarane selde 15-17 lodd, men med rabatt for familiar med fleire spelarar. Me fekk inn omlag 23.000,- på dette. Me vel nok likevel ikkje loddsal i år, for praksis viser at svært mange av spelarane/familiane kjøper lodda sjølv.

**Elles:**

Har delteke på dugnad, vakter i Suldalshallen, div. møte i fotballgruppa, spelarmøte A-laget, møte om Suldalshallen, i hovudstyret, trenar/lagleiarmøte, terminlistemøte, møte med kulturkontoret, sonemøte i kretsen, samarbeidsmøte med Suldalgutane- og jentene, avslutningsarrangement, vedlikehald kunstgrasbane + div. gjermål som dukkar opp undervegs i ein sesong.

Hatt ansvar for bruken av Vinjar gymsal i midtveke.

Arrangert "Nyttårscup" i gymsalen Vinjar.

Har hatt grundige evalueringar frå trenarane som me bruker til vidare utvikling.

**Økonomi:**

Viser til rekneskapen for 2018.

Suldal Idrettslag, fotballgruppa

Jon Bråtvær, leiar.

11. mars 2019

## ÅRSMELDING 2018 - SKIGRUPPA I SULDAL IL



### Styret 2018:

**Leiar:** Per Even Tjøstheim

**Nestleiar:** Sverre Vik

**Skrivar:** Tone S. Fisketjøn/Dagfinn Havrevoll

**Styremedlem:** Arne Mehus

**Styremedlem:** Oddny Lunde Bakka

**Trenarar:** Stig Morten Nerheim, Sverre Vik, Ingrid Nafstad Lyftingsmo, Astrid Gundersen, Oddny Lunde Bakka, Dagfinn Havrevoll, Hege Hiim Steine og Per Even Tjøstheim.

### Treningar:

**1.-3. og 4. klasse og eldre** trena fast tysdagar. Skileik var hovudaktiviteten på treningane ved Mosvatnet om vinteren og 25-30 ungar var med. Rulleski på våren og hausten fram til haustferien. Skigruppa kjøpte inn fleire par kombisko til utlån på rulleskitreningane. Innetrening i gymsal frå midten av oktober med omlag 20 ungar, medan 10-15 løparar frå 4. klasse og oppover hadde trening ute. Dagfinn, Hege, Astrid, Ingrid, Oddny og Per Even hadde ansvar.

**5. klasse og oppover** trena fast tysdagar og torsdagar med om lag 15 ungar/ungdomar. Skitreninga har føregått i lysløypa og i Breiastølsdalen. Barmarkstrening har vore på rulleski og joggesko fram til oktober/november og inne i gymsalen på Sand skule fram til vinteren kom i månadskiftet november/desember. Stig Morten, Sverre og fleire foreldre har hatt ansvaret.

### Renn

Suldal IL arrangerte i 2018 turrennet Mosvatnet Rundt, distanserennet Suldalsrennet, og var medarrangør av Telenorkarusellen, Hamrabørennet og Ryfylke Rulleskicup.

Mosvatnet Rundt var 70 år dette året og det blei markert som eit jubileumsrenn med om lag 120 deltagarar totalt i alle klassar.

Suldalsrennet blei arrangert i lysløypa og hadde omlag 100 startande. Suldal IL arrangerte to av karusellrenna og om lag 250 deltagarar var med dette året.

Det var bra med snø i skiløypene og alle renn blei arrangerte som planlagt.

Suldal IL var i tillegg medarrangør av skirennet i Hamrabø 18. mars med 45 deltagarar.

Ryfylke Rulleskicup er eit samarbeidsprosjekt mellom Suldal IL, Hjelmeland IL og Sauda IL og Vindafjord IL. Det blei arrangert fire ulike konkuransar. Klubbane hadde ansvar for kvar sitt løp og det var premiering etter siste løpet. Skigruppa i Suldal arrangerte distanserenn på vegen mellom bedehuset og Mehushaugen og rulleskileik for dei yngste ved samfunnshuset.

Suldal IL sine løparar har vore representerte på ein rekke renn frå lokale sonerenn, til kretsrenn, KM, Ungdommens Holmenkollrenn, Hovedlandsrennet, Norgescup, Junior NM og turrenn både innanlands og utanlands. Løparane til Suldal IL markerer seg godt på resultatlistene.

Suldal IL var òg som vanleg representert på rulleskirenn Blinken, Lysebotn opp, Blink Classics og KM i Sirdal.

#### **Miljøtiltak:**

Skigruppa har fast tradisjon med å delta på kretsen sitt opningsrenn på Hovden. Dette er blitt ein sosial tradisjon der me bur saman på hytter, går skirenn og trenar. Saudasprinten har også vore ein fast klubbtur. I 2018 arrangerte skigruppa òg fellestur til KM på Hovden og sonesamling i september på same staden. Me ser at fellesturane kor me har vore opptil 40-50 reisande, er populære og viktige for miljøet og samhaldet i skigruppa.

#### **Sonesamlingar i sone Ryfylke**

Suldal IL arrangerte ei sonesamlig på barmark på Hovden i september.

#### **Investeringar/vedlikehald**

Arbeidet med rehabilitering av lysanlegget i lysløypa blei fullført i november. Resten av kabelen blei grove ned og dei siste lysmastene blei reiste.

Det blei arrangert dugnad i november kor ein rydda på stadion og elles i løypa, samstundes som at lysmaster blei reiste.

Det er i 2018 arbeidd vidare med planlegging av snøproduksjonsanlegg i lysløypa. Prosjektet blei i løpet av 2017 førehandsgodkjent av kommunen og tippemiddelsøknad blei sendt inn. Idrettslaget fekk avslag på tippemiddelsøknaden på grunn av manglande finansiering. Prosjektgruppa gjorde endringar i investeringsplanen ved å nedskalere prosjektet til om lag 1,5 km og om lag 3,2 milionar. Dette for å få godkjent søknad om tippemidlar med den finansieringa ein har på plass per i dag. Ny søknad blei sendt inn før nyttår og svar er venta første halvdel av 2019. Planen er å byggje ut fullt anlegg etter kvar som ein har pengar på plass, vel 5 mill. kr.

#### **Dugnad**

I tillegg til å stille på dei vanlege dugnadane for idrettslaget, vaskar skigruppa dei offentlege toaletta ved lysløypa og har tilsynet med Gullinghuset etter eigen avtale. Det er også gjennomført mange timer dugnad i samanheng med skirenn.

#### **Trenarar/styre**

Drifta i skigruppa er heilt avhengig av aktive og initiativrike trenarar og styremedlemer i skigruppa, og ikkje minst støttande foreldre. Både trenarar og styre har saman med foreldre gjort ein fantastisk jobb, oppgåver er fordele og mange har teke ansvar.

#### **Utfordringar framover**

Den største utfordringa er for tida å halde på dei eldste ungdommene i gruppa og laga eit aktivt miljø for dei. Målet vårt er at så mange som mogleg skal få positive opplevelingar ved aktivitetane i skigruppa, uansett nivå og alder.

Andre utfordringar i 2019 er å starte arbeid med snøproduksjonsanlegg.

## **ÅRSMELDING 2018 - ØKONOMIGRUPPA SULDAL IL**

Styret i Økonomigruppa 2018:

Leiar: Else Kristin Hilde Krogh

Styremedlem: Runar Vold

Styremedlem: Kari Havrevoll

I april 2018 var me i gong att med kiosk under fotballkampar i Prestavikjo. Det vart etterkvart sett opp kiosk på dagar med 2 kampar eller fleire. Dagar med kun ein kamp var det lite aktivitet og salg. Villige fotballforeldre vart sett opp på dognadslista, og kiosken har vore til glede for både store og små.

Fortsatt har me ein draum om betre fasilitetar. Inntil vidare må me prøve å få gjort ein dognadsjobb på tetting av tak og litt maling i vår.

I september hadde me kiosk i foajeen under rulleskikonkurranse. Det var ikkje direkte hektisk, men eit kjekt tilbod for løparane. Kanskje me burde hatt kiosken ute?

På bytehelga som vart arrangert på Samfunnshuset i november hadde me sal av graut, saft, kaffi og kaker. Denne gongen var det lite oppmøte samanlikna med året før. Ein del sportsutstyr fekk nye eigarar, men for økonomigruppa vart det eit økonomisk minus på kr 1860 (Leige av samfunnshus, innkjøp av 100 porsjonar Fjordland-graut som i 2017, men lite folk).

Dette handla kanskje noko om tidspunkt for annonsering og at denne kunne gått ut til fleire aktuelle grupper på sosiale media?

I vinter har det vore travel og inntektsbringande kiosk på Gullinghuset under 1.skikarusell 28.januar og Suldalsrennet 2.februar. Me har også planlagt kiosk under “Mosvatnet rundt” 17.mars og 4. skikarusell.

Det er fortsatt ein stor suksess med Bendit-smoothies. Desse går unna, og Suldal IL får fortsatt 60% refundert frå Bama. Til opplysning gjeld dette alt av frukt og grønt som vert kjøpt inn elles til Suldal IL, noko dei andre gruppene også kan benytte seg av!

Else Kristin Hilde Krogh, 27.februar 2018

Leiar økonomigruppa

## ÅRSMELDING 2018 - TRIMGRUPPA SULDAL IL

Styret har vore:

Siri Horvei  
Gunn Tove Eikeland  
Alf Aadnøy - leiar

Trimgruppa har hatt varierte og kjekke aktivitetar for medlemmene i 2018.

**Ballspelgruppa for damer** har trening 2 gonger i veka. Det er ein god gjeng med damer som møter i gymsalen i vinterhalvåret til ulike ballspel aktivitetar, eller ballbingen på vår og haust. Kontaktperson er Hege Hiim Steine.

**Yogagruppa** har yoga i gymsalen kvar onsdag. Kontaktperson er Gunn Tove Eikeland.

**Dametrim** Step/aerobic time under leiing av Petra Odvody med godt oppmøte. Petra legg ned mykje arbeid og energi i dametrimmen, ho er oppteken av å gjera dette til eit interessant og allsidig trimtilbod. I haust var det tilbod om trening tri gonger i veka.

**Gubbatrimmen** er eit fotballtilbod for vaksne karar på tysdagane, med godt oppmøte heile året.

### Skogstrimmen

Trimgruppa administrerer åtte postar plassert på turstiar i bygda. I år er det registrert 5190 besøk totalt på postane, dette er ein liten nedgang frå 2017. Men dei lengre turane som Vinjarnuten og Fisketjønsvardane har nesten hatt ei dobling i besøkstala i forhold til 2017.

Det er i år gjort endring i reglane for premiering, og det blir nå trekt ein vinnar frå kvar post.

### I trekning av premiar vart desse ekstra heldige:

Post	Vinnar
Midtstølen	Terje Solheim
Gunntveitåsen	Øyvind Gjuvsland
Stråpanuten	Tarjei Moe Handeland
Prestastølen	Ragnhild Sukka
Førlandsøyane	Aud Sandvik
Vinjarnuten	Asbjørn Nærheim Fjellhaugen
Fisketjønsvardane	Bård Solheim
Vassbotn	Svein Klungveit

### Oversikt over besøk på postane for 2018:

Førlandsøyane	1799
Vassbotn	1427
Stråpanuten	1040
Prestastølen	333
Gunntveitåsen	214
Vinjarnuten	200
Fisketjønsvardane	139
Midtstølen	38
<b>Totalt</b>	<b>5190</b>

Underbakke 12/3-18

Alf Aadnøy

**Forslag til vedtak:** Hovudstyret og undergruppene sine årsmeldingar vert godkjende. .

## **SAK 9: GODKJENNING AV IDRETTSLAGETS SIN REKNESKAP I REVIDERT STAND**

**Forslag til vedtak:** Det framlagte rekneskapet for rekneskapsperioden 01.01.2018 – 31.12.2018 med uttale frå revisor er godkjent utan kommentar. Resultatet for 2019 var eit overskot på kroner 130.332,-. Laget har ein eigenkapital på kroner 1.255.155,-

## **SAK 10: FASTSETJING AV MEDLEMSKONTINGENT**

Medlemskontingensten i Suldal idrettslag for 2018 har vore:

- Born kr 250,-
- Vaksne kr 300,-
- Familie kr 600,-

Samanlikna med andre idrettslag av same storleik og aktivitetsnivå har Suldal idrettslag låg medlemskontingent, og styret ønskjer at medlemskontingensten skal vera låg. På grunnlag av årsrekneskapen for 2018 er det heller ingen grunn til å auke medlemskontigent

**Forslag til vedtak:** Medlemskontingen for 2019 nyttar same satsane som 2018.

## **SAK 11: GODKJENNING AV IDRETTSLAGET SITT BUDSJETT**

**Forslag til vedtak:** Budsjett for 2019 er godkjent utan kommentar. Det budsjetterte overskotet kjem frå lysløypeprosjektet, medan det er budsjettert med kroner 0,- i resultat frå ordinær drift.

## **SAK 12: GODKJENNING AV REISEREGULATIVET**

Styret foreslår at gjeldande reiseregulativ vart framhalde utan endringar.

**Forslag til vedtak:** Årsmøtet godkjenner styrets forslag til uendra reiseregulativ.

**SAK 13: BEHANDLA IDRETTSLAGETS ORGANISASJONSPLAN**

# **ORGANISASJONSPLAN FOR SULDAL IL**



**Vedteke på årsmøtet 21.03.2018**

## Grunnlagsopplysningar for Suldal IL

Navn: Suldal Idrettslag

Skipa: 21.02.1946

Idrett: Fleiridrettslag

Postadresse: 4237 Suldalsosen

E-postadresse: [leiar@suldal-il.no](mailto:leiar@suldal-il.no)

Rekningar: E-post: [kasserar@suldal-il.no](mailto:kasserar@suldal-il.no)

Bankkonto: 3210 30 09617

Banksamband: SpareBank 1 SR-Bank

Internettadresse: [www.suldal-il.no](http://www.suldal-il.no)

Organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret: 983958605

Anleggsadresse: Prestavikjo

Telefon: 48054009

Registrert tilknytning til Rogaland idrettskrets

Registrert tilknytning til Suldal idrettsråd

Registrert tilknytning til Rogaland fotballkrets, Agder og Rogaland skikrets

Klubbnummer i NIF sitt medlemsregister: KL11340003

Årsmøtemånad: Mars


### FØREMÅL

Suldal IL skal være ein open og demokratisk organisasjon der føremålet er å driva idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).

Arbeidet skal vera prega av friviljig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. Alle idrettsleger aktivitetar skal byggja på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

Idrettslaget er sjølveigande og frittståande med kun personlege medlemmer.

### ORGANISASJON



Suldal IL har følgjande undergrupper:

- Fotball, Ski, Trim, Økonomi og prosjektgruppe for lysløypeprosjektet.

Lovnorma vedtatt av årsmøte er overordna norm for organisering og drift av laget. Suldal IL har eit hovudstyre med 5 medlemmer og 1 varamedlem. Styremedlemmer, leiar, nestleiar og varamedlem blir valt på årsmøte. Elles kan styret konstituera seg sjølv (skrivar, kasserar m.m.), jmf lovnorma.

## **VAL**

Undergruppene sender forslag på nye kandidatar til si undergruppe til valkomiteen i god tid før årsmøte. Valkomiteen samlar inn og lagar forslag til val til årsmøte. Årsmøte skal vedta valet og alle verv inkludert medlemmer i undergruppene.

Valkomiteen skal veljast av årsmøte på fritt grunnlag etter innstilling frå styret (Lovnorm §15.10.f).

Undergruppene konstituerer seg sjølv (vel leiar m.m.).

## **STYREMØTA**

Leiar i dei 5 undergruppene møter på styremøta til Suldal IL. Styremøta har sak med orientering frå undergruppene, slik får styret orientering frå leiarane i undergruppene direkte.

Innkalling til styremøte skjer ved bruk av e-post (leiar kollar inn). Styrereferata blir sendt per e-post (skrivar sender ut). Det blir halde 3-5 styremøte per år. I tillegg tar ein enkeltsaker via e-post/telefon utanom møta viss behov.

## **BUDSJETT – REKNESKAP**

Budsjett vedteke av årsmøtet er forpliktande for drifta av heile laget. Gruppene skal halda seg til sine godkjente budsjett.

Det skal leggast fram rekneskap for styret. I samband med dette skal gruppene vurdere/kommentera den økonomiske situasjonen sin.

Årsmøte i Suldal IL har vedtatt at kasserar kan disponera lagets bankkontoar og nettbank aleine. Leiar skal ha innsyn i lagets bankkontoar og nettbank.

**Forslag til vedtak:** Framlagde organisasjonsplan vert godkjennd.

## **SAK 14:      VAL**

Verv som er på val framgår av innstilling frå valnemd på neste side. Rolla som leiar og nestleiar i hovudstyret er på val kvart år.

**VAL SULDAL IL - 2019 - forslag frå valgnemd**

Rolle	Namn	Valg 2019	Status val 2018 / 2019	Gjenvalg	Kommentar
<b>HOVUDSTYRET</b>					
Leiar	Aslak Moe		Valgt i 2018 for 2 år	x	På valg som leiar for 1 år
Nestleiar	Øyvind Gjuvsland		Valgt i 2018 for 2 år	x	På valg som nestleiar for 1 år
Skrivar	Kristine Bøe Berge	x	Valgt i 2019 for 2 år	x	
Kassserar	Silje Helen Færøy		Valgt i 2018 for 2 år		
Styremedlem	Vidar Jørgensen	x	Valgt i 2019 for 2 år	x	
Varamedlem	Hege Hiim Steine	x	Valgt i 2019 for 2 år		
<b>FOTBALL</b>					
Medlem	Svein Øystein Berge	x	Valgt i 2019 for 2 år	x	
Medlem	Neri Fisketjøn		Valgt i 2018 for 2 år		
Medlem	Siri Fisketjøn Indrebø		Valgt i 2018 for 2 år		
Medlem	Jon Bråtvæit		Valgt i 2018 for 2 år		
Medlem	Ane Hoås Foldøy	x	Valgt i 2019 for 2 år	x	
<b>SKI</b>					
Medlem	Per Even Tjøstheim	x	Valgt i 2019 for 2 år	x	
Medlem	Arne Mehus	x	Valgt i 2019 for 1 år *	x	Valgt i 2019 for 1 år
Medlem	Dagfinn Havrevoll		Valgt i 2018 for 2 år		Dagfinn Havrevoll har overtatt for Tone Sande Fisketjøn
Medlem	Oddny Lunde Bakka	x	Valgt i 2019 for 2 år	x	
Medlem	Sverre Vik		Valgt i 2018 for 2 år		
<b>TRIM</b>					
Medlem	Alf Aadnøy		Valgt i 2018 for 2 år		
Medlem	Siri Horvei	x	Valgt i 2019 for 2 år	x	
Medlem	Mina Lunde	x	Valgt i 2019 for 2 år		
<b>ØKONOMI</b>					
Medlem	Kari Havrevoll		Valgt i 2018 for 2 år		
Medlem	Else Kristin Hilde	x	Valgt i 2019 for 1 år *	x	Valgt i 2019 for 1 år
Medlem	Kristine Helgeland	x	Valgt i 2019 for 2 år		
<b>REVISOR</b>					
Medlem	Margrete Moen	x	Valgt i 2019 for 2 år	x	
Medlem	Gunvor W. Hoftun		Valgt i 2018 for 2 år		
<b>VALNEMD</b>					
Medlem	Leif Bakka		Valgt i 2018 for 2 år		
Medlem	Geir Bjarte Hoftun	x	Valgt i 2019 for 2 år		
Medlem	Heidi Elin Steine	x	Valgt i 2019 for 2 år		
Varamedlem	Renate Melby		Valgt i 2018 for 2 år		